



Veke 33, 17. august 2022 – Guvernørbesøk

Rotaryåret begynte med besøk av DG Ole Joakim Devold (Tvedestrand RK) og AG Stein-Inge Grimrud (Bø RK). Til stades var òg 19 medlemmer og ein gjest, Eli Margrethe Theil.

President Anne Wiik Stamsø opna møtet med diktet «Jorda» av Jan-Magnus Bruheim (1914–88) (sjå ramma). Ho fortalde at fem medlemmer hadde bursdag i sommar: Eva Boxaspen (1/8), Erik Hans Eriksen (24/7), Sissel Berit Hoell (7/7), Berit Midtgaard (14/7) og Edrund Olaisen (29/6). Dei fekk applaus.



Etter Tigris-innlegg frå Edrund Olaisen (godord om DG) og Espen Hoell (yngste barnebarn begynt på skulen) fekk DG Devold ordet. Han sa først litt om eigen bakgrunn (fødd 1963, barndom i Asker, gift 1985, jurist frå Universitetet i Oslo 1988, busett i Arendal sidan 1989, advokatpraksis i Finnmark og Tvedestrand) før vi fekk vite at han hadde vore rotarianar sidan 1990, med to presidentperiodar i Tvedestrand RK.

Han fortalde om RI og TRF og innhaldet i mottoet «[Imagine Rotary](#)» til RI-president Jennifer Jones (første kvinnelege) frå Canada:

Imagine, a world that deserves our best, where we get up each day knowing that we can make a difference.

DG har valt Ungdommen – fremtidens fyrtårn som slagord, og hovudsatsingsområdet er ein ny komité i D2290, Next generation. Målet er å starte satelittklubbar med medlemmer under 40. Distriktet har alt ein slik klubb, Stavern Ung. Medlemstalet går nedover i Rotary, og Next generation er eit bidrag til å snu tendensen.

Då DG var ferdig med sitt innlegg, var det ein liten spørjerunde, før AG Grimrud slapp til og fortalde litt om seg sjølv.

Etter møtet kunne vi nyte ei velsmakande fiskesuppe, før Perry Sævik avrunda det heile med nokre poetiske betraktningar under tittelen «Hildringen som mål» – sjå neste side.

Rolf Theil, Langesund, 18.08.22

JORDA

Som ei stjerne
mellom stjerner
sviv vår jord
igjennom romet.
Trygt på aksla
ber ho med seg
folk og dyr
og tre og blome.

Sviv og svingar
gjennom rømda
som ei eldraud
lita rose.
Inn i natta,
ut i dagen
gjennom mørkret
fram i ljuset.

Møter sysken
langt der ute —
Blunkar glad:
Eg heiter Jord!
Helsar blidt:
God dag, god dag
stjernesyster,
stjernebror!

Frå Jan-Magnus Bruheim:
*Grashoppa og andre
barnerim*. Noregs Boklag
1966.

Hildringen som mål

Jeg har tenkt på dette at jeg burde ha en helt, et ideal, noe jeg kan strekke meg etter
noe jeg ønsker
ønsker å gjøre
være

Men hvor er realismen i å prøve å nå det som billedlig talt er langt borte
så høyt oppe

Kanskje er det bare å legge tanken til side
fortsette vandringen på veien
krokete og rett
bakke opp og bakke ned
slåss mot drager og vindmøller
tull og troll

Underveis er det en fare for at jeg glemmer hensikten med vandringen
glemmer det som er så uopnåelig

Men så endrer min tanke seg

for jeg ser jo at det jeg ønsker og søker henger der fremme
som et Fata Morgana
vakkert
en åpenbaring langt borte
uopnåelig
som jeg likevel ønsker at jeg kunne gripe

Men havet skiller meg fra det jeg søker

Likevel merker jeg meg stedet der fremme
retningen
holder blikket

Selv om hildringen skulle tone bort vet jeg hva jeg søker
hvor jeg skal gå

Og det utrolige skjer
jeg skjønner med ett at jeg går på det jeg trodde var vann
Jeg ønsker det var slik at du kunne se meg gå målbevisst til jeg når hildringens
opprinnelige punkt
blir ett med hildringen
blir hildringen

Var det noen som valgte å feste blikket på min rygg?

Så er det nok enklest å nå det målet som du ikke visste at du hadde
Er du fornøyd med det, kan du la det være lykken i livet ditt
Da slipper du å strekke deg, anstrenge deg
og kan nøye deg med å se på den vakre hildringen
uten å skjønne hva det er du egentlig serr.

Perry Sævik, 17-8-22